

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 30.04.2020
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Hilde Rudlang
SAKA GJELD: **Regional plan habilitering og rehabilitering**

ARKIVSAK: 2020/81
STYRESAK: **061/20**

STYREMØTE: **20.05. 2020**

Administrerende direktør si orientering pkt. 7

Av protokoll frå styremøtet i Helse Vest 11. mars 2020, sak 35/20 om styringsdokument 2020 til HF-a, går det fram at styret ønskjer ei vurdering av korleis ein kan sikre god etterleving av planen for habilitering og rehabilitering frå 2015. Det kan t.d. vere eit tilleggspunkt til føretaksmøte i juni eller i den månadlege rapporteringa frå verksemda.

Vi viser i denne samanheng til sak 8/20 administrerende direktør si orientering pkt. 5, til styremøtet 5. februar 2020 om revidering av regional plan for habilitering og rehabilitering. I saka blir det lagt opp til å gjere ein samla gjennomgang av tiltaka i planen i samarbeid med helseføretaka i løpet av 2020.

Gjennomgangen er tenkt å danne grunnlaget for ein oppdatert regional plan, i samband med at planperioden går ut 2020. Utreiingane i den eksisterande planen kan i stor grad framleis liggje til grunn, men ein må ta omsyn til nasjonale føringar og oppdrag som har kome til i løpet av planperioden. Statusgjennomgangen og forslag til ein oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering tar ein sikte på å leggje fram for styret i Helse Vest innan utgangen av 2020.

I samsvar med styrets merknad i møtet 11. mars, foreslår administrasjonen at helseføretaka i føretaksmøtet i juni, blir bedne om å førebu statusgjennomgangen av tiltaka i planen frå 2015. Som oppfølging av føretaksmøtet kan administrasjonen utarbeide eit rapporteringsskjema og kalle helseføretaka inn til dialogmøte.

I samband med covid-19 epidemien kan det oppstå eit rehabiliteringsbehov knytt til dei mest alvorleg sjuke koronapasientane, særleg etter intensiv-/respiratorbehandling. Omfanget av behovet er førebels ikkje kjend. For at helseføretaka skal vere førebudde på at eit behovet kan oppstå, vil kartlegging av behov og tilbod til denne pasientgruppa inngå i den planlagde gjennomgangen.

Vidare foreslår administrasjonen at ein som eit ledd i revideringa av planen vurderer om det lar seg gjere å etablere eit rapporteringspunkt som gjeld habilitering/rehabilitering som kan inngå i den månadlege rapporteringa frå verksemda. Formålet med eit slikt rapporteringspunkt vil vere å bidra til etterleving av den regionale planen.